

Why England doesn't rule

SPRÅKVANSKAR: Nokon hadde hengt opp ein kommentar frå *Financial Times Weekend Magazine* over kaffimaskina – «Why proper English rules OK» var tittelen. Framom hadde det samla seg ei klynge middelaldrande og litt slitne mannlege akademikarar, gråe i andletet og ikledde beige fløyelsbrøker og rutete pull-overar. Ei lita gruppe britar, alle like mimikklause og evig skadde av streng kostskuledisiplin som har teke frå dei det vesle dei ein gong hadde av kroppsspråk. Der stod dei altså, rett opp og ned med armene langs sida, og harselerte over ikkje-engelsktalande sin «Globish», som kunne gjere sjølv dei beste konferansane om til eit sant mareritt for desse toppane av den globale intellektuelle elite.

Sjølv skulle eg berre hive i meg ein rask kopp kaffi før eg skulle inn og halde mitt fyrste seminarinnlegg ved dette ærverdige London-colleget eg no skulle tilbringe dei neste månadane ved. Eg kjente det neppe var godt for sjølvkjensla, men vart likevel ståande og lytte til småsnakket dei velrenommerede professorane og amanuensane hadde seg imellom.

Den eine hadde nett vore på ein konferanse med forskarar frå heile Nord-Europa, kunne han fortelje, alle hadde halde innlegga sine på engelsk, eller som han sa: «a sort of English». Det monotone språket og dei distraherande aksentane hadde fått dei til å høyrast ut som om dei snakka med ein diskett i ryg-

gen. Kvar nye talar miste fleire og fleire av publikum. Og «the native (English) speakers went first», sa han.

Når det kom til dei engelsktalande sjølve, derimot, var situasjonen heilt annleis. Kvar gong nokon av dei opna munnen, vakna nemleg publikum. Dei evna å vere både morosame og nyanserte, dei «sounded conversational», som han sa. Nett derfor hadde han hengt opp denne aviscommentaren, der Simon Kuper kjem med påstanden om at «they weren't more intelligent than the foreigners, but they sounded it, and so they were heard». På kort sikt og på eit reint individuelt plan har han nok rett når han skriv: «The global rise of bad English is helping us native speakers rise.» Men på lengre sikt vil den sjølv gode britiske arrogansen som utspelte seg ved kaffimaskina, ikkje berre råke den einskilde britiske akademikaren, men også heile det britiske samfunnet.

Mykje tyder på at britiske akademikarar, særleg innan samfunnsfaga, driv ein utprega heimleg kunnskapsinnavl. Ein gjennomgang av siste vitskaplege artikkel til kvar av dei kjepphøge forskarane framom kaffimaskina vitna også om ei utbreidd sjølvbestøving ved det prestisjefylte London-colleget.

Dei fem artiklane hadde i gjennomsnitt 48 referansar kvar, derav berre 7 referansar som synta til forfattarar som var fødte eller oppvaksne i eit ikkje-engelsktalande land. Trekker ein ifrå klassikarane som Max Weber og

Karl Marx og i tillegg forfattarar med globale posisjonar som Jürgen Habermas, Pierre Bourdieu og Ulrich Beck, sit me att med totalt 3 referansar av 48 som syner til forfattarar som ikkje har engelsk som morsmål. I tillegg må det presiserast, og det gjer det heile kanskje endå meir graverande, at tre av dei fem artiklane nytta empiriske døme frå ikkje-engelsktalande land som Vietnam, Mexico og Guatemala. Av alle dei til saman 241 referansane i dei fem artiklane var det ikkje ein einaste referanse til tekstar skrivne på eit anna språk enn engelsk. Då vel eg aktivt å sjå vekk frå den eine som hadde referert til 1905-utgåva av *Die protestantische Ethik und der Geist des Kapitalismus* av Max Weber.

Mykje av kongstanken bak internasjonaliseringa av forskinga er at forskarar skal lære av kvarandre. Dei skal møte andre måtar å tenke på og oppleve korleis praksis og teori skil seg i ulike kontekstar, det vere seg kulturelle, historiske, materielle og endå klimatiske kontekstar. Dei skal finne inspirasjon til å oppdage teoretiske opningar som kan bidra til nye forståingar og styrke den totale kapitalen i eit samfunn som til dømes England.

Me skal lære av kvarandre sine røynslar, av kvarandre sine feil og suksessar. Av svenskane skal me lære trafikktryggleik, me skal lytte til røynslene dei har hatt med nullvisjonen for trafikkdrepane. Kanskje kan britiske forskarar ta med seg kunnskapen attende til England og formidle han vidare der, slik at dei kan ta avgjerande steg i sin eigen kamp mot trafikkdød. Kanskje kan engelskmennene spare millionar av pund på helsebudsjettet om forskarane deira hadde lytta til norske friluftslivs- og utmarksforskarar. Det kunne hjelpt dei til å finne måtar å implementere alternative ordningar til allemannsretten og gitt dei stadig drygare engelskmennene høve til å gå av seg «the Sunday roast». Russiske og ukrainske forskarar kan fortelje om datsjaen si rolle i matforsyninga etter Sovjetunionens samanbrot og gi nyttig kunnskap og korreksjon til den britiske middelklassen sin romantiske versjon av «urban agriculture».

Men så lenge britiske akademikarar ikkje orkar høyre «Globish», og så lenge dei ikkje har tolmod

til å lese mindre elegante tekstar av forskarar som ikkje beherskar herrefolkets vidd og ironi, vil dei halde fram sin intellektuelle innavl og arrogante språklege onani.

BJØRN EGIL FLØ,
Norsk senter for bygdeforskning.

La ord bli handling

MUSEUMSFORSKING: I smått lattermild glede las eg Johanne Landsverk sitt intervju i *Forskerforum* nr. 8/2010 med Axel Christophersen frå NTNU Vitenskapsmuseet, Sigmund Spjelkavik frå Agder naturmuseum og generalsekretær Tron Wigeland Nilsen i Norges museumsforbund. Eg vart glad fordi det vart sett fokus på meir forskning ved musea, og eg vart nok litt lattermild over at slike prominensar hiver seg frampå for å slå inn opne dører. La no det vera.

Som eit resultat av museumsreforma, der institusjonane skulle gjerast sterkare for å kunne oppfylle alle delar i museumsdefinisjonen, er det i stor grad forskinga som no lyt løftast fram. Eg trur den gode Axel Christophersen har heilt rett i at her kan universitetsmusea gå føre, nettopp fordi universiteta med sine museum har ein heilt annan forskningstradisjon enn dei natur- og kulturhistoriske musea i Noreg. Tettare samarbeid må til: Ja visst.

Men når Axel Christophersen hevdar at for å få til tettare samarbeid så må det «gjerast nokre strategiske grep sentralt», da kjem det snikande ein tvil hos meg: Er det eigentleg samarbeid han vil? Og det blir verre. Ei visse dukkar opp: Om vi skal gå og vente på at sentrale styresmakter skal ta initiativ til tettare samarbeid over departementsgrensene, så blir ikkje dette samarbeidet noko av!

Eg har levd i museumsverda i meir enn tretti år. I alle desse åra har eg hørt velmeinande folk frå fleire departement preike om å opne dei vasstete skotta sine. Eg har opplevd signingsferdene til Kulturdepartementet og Miljøverndepartementet for kanskje ti år sia, der kulturvern og kulturminnevern skulle gå i hop. Eg har lese hyrdebrev deira, år etter år. Av og til trur eg på julenissen, men på samarbeid mellom departementa: aldri.

Forts. s. 39

«Mykje tyder på at britiske akademikarar, særleg innan samfunnsfaga, driv ein utprega heimleg kunnskapsinnavl.»